

Storavatnet

SMÅLOM


Dei trolske lydane frå smålommen ber langt mellom fjella kring STORAVATNET. Dei høge og såre skriska i stille mai-kveldar er teikn på at det er paringstid.

Hekkebestanden av smålom i Hordaland er truleg ikkje større enn 10–20 par. Fleire av dei finst på Osterøy, der dei hentar mykje av næringa si frå Storavatnet og andre fiskerike vatn i det store myrriket kring dette vatnet.

Det er godt med småaure og stingsild i desse vatna, som gir lommen stabil tilgang på mat. Ein vaksen fugl veg halvtanna kilo og treng mykje mat gjennom ein lang hekkesesong. Ein smålom som vart skoten på kysten vinterstid, hadde 66 småsild av gjennomsnittslengd 8 centimeter i fordøyingsystemet. Slike storfiskarar trengst i Storavatnet – prøvefiske har vist at vatnet har ein tettare fiskebestand enn ynskjeleg, med mykje småfisk kring 100 gram. Fisket er fritt, også for menneske, som gjerne tek seg ut på vatnet i kano.

Smålommen hekkar ikkje i Storavatnet. Det ville ikkje ha vore mogleg, ettersom reguleringa senkar vatnet fleire meter i sommarhalvåret. Fuglearten er så baktung og klosete på landjorda at reiret må liggja heilt i vasskanten. Såleis finn lommen helst reirplass ved mindre og avsidesliggjande tjørner, der fuglane gjer lite av seg. Det er viktig, for i hekketida er arten særst sårbar.

Du kan sjå smålom i området heile tida frå april til september. Best er det seint på kvelden eller tidleg på morgonen, om våren og forsommaren. Og om du ikkje kan sjå han, høyrer du han gjerne. Mest låt er det i paringstida, men òg når den eine fuglen ligg på egg, held maken kontakt med kallinga si. På avstand kan smålommen forvekslast med silanda, som det finst ein



Jan Schützer

vesentleg større bestand av på Herlandsnesjane og ved Storavatnet. Er du tidleg oppe, vil du kunna høyra spelande orrfugl

frå åsane kring Herlandsnesjane. Det finst òg storfugl i furuskogen, og jamt godt med nøtteskrike og kvitryggspett.

STRANDLINJEHYLLA LANGS STORAVATNET

Reguleringa av Storavatnet har openberra eit sjeldsynt geologisk fenomen: Når Herlandsfossen kraftverk tappar ned magasinet utover våren og sommaren, kjem ei gammal strandlinjehylla i fast fjell til syne. Frå rasteplassen i Selvik, ved nordenden av Vestrevatnet, ser ein hylla nedanfor byttene langs stranda. Hylla, som hallar svakt utover mot vatnet, er 6–8 meter på det breiaste. På eit nes knapt to kilometer frå rasteplassen er det små grotter i fjellhylla. Grottene går både langsmed og på tvers av retninga på hylla.

Hylla er meisla inn i fjellgrunn som høyrer til Store Bergensboge (R337), med bergartar som lett smuldrar opp: amfibolitt, som er ein omdanna lavabergart, og kalkrik glimmerskifer. Frostforvitring i strandsona gjennom 5000–6000 år har danna fjellhylla. Prosessen gjekk føre seg like til vatnet vart regulert i 1920.

Bergoverflata under dei flate myrane i naturreservatet Herlandsnesjane kan ha vorte danna på same måten som hylla langs Storavatnet. Men sidan denne bergflata ligg 8–10 meter høgare enn Storavatnet, må både vassnivået og utløpet ha vore

høgare då denne flata vart til. Det går lang tid før ei så stor flate er danna – nedbrytinga og utjamninga på grunn av frostforvitring må ha skjedd i lange periodar i kvartærtida då innlandsisen ikkje dekte Osterøy. (Foto: Inge Aarseth)

